

Kontrollutvalet i Haram kommune

MØTEBOK

Møtedato: 18.11.2019, kl. 13.00

Møtestad: Tenestehuset, Brattvåg

Møtet vart leia av Sigrid Eidsvik.

Elles til stades: Eivind Davik og Grete Berbu.

Meldt forfall: Åge Vikestrand og John Alvestad.

Ingen vara hadde høve til å møte.

= **3 voterande**

Frå kontrollutvalsekretariatet møtte dagleg leiar Bjørn Tømmerdal.

Frå administrasjonen møtte økonomisjef Levy Lervik og leiar stab Per Langnes.

Frå kommunerevisjonen møtte oppdragsrevisor Anne Nygård.

Det kom ikkje fram merknader til innkallinga. Feil ved nummerering av sakslista blei opplyst og deretter godkjent.

Sak 16/19 - Godkjenning av møtebok frå møte 23.09.2019.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Møtebok frå kontrollutvalet sitt møte 23. september 2019 blir godkjent.

Sak 17/19 - Revisjonsstrategi 2019 for Haram kommune.

Sakspapir frå sekretariatet datert 11. november 2019

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet framhevar det fokuset som er nemnd i overordna revisjonsstrategi 2019 for Haram kommune og påpeiker viktigheita av at dette blir teke med vidare.

Sak 18/19 - Orientering ved rådmann: oppdatering av KU sak 15/19 Badeland og oversikt over saker behandla i Haram kommunestyre.
--

Sakspapir frå sekretariatet datert 11. november 2019

I møtet blei det delt ut ei oversikt over saker behandla i Haram kommunestyre.

Saka var lagt fram utan tilråding til vedtak.

Leiar Sigrid Eidsvik fremma på vegne av utvalet følgjande forslag:

Kontrollutvalet takkar administrasjonen for grundige orienteringar og tek dei til vitande.

Kontrollutvalet sitt samrøystes vedtak:

Kontrollutvalet takkar administrasjonen for grundige orienteringar og tek dei til vitande.

Eventuelt:

Eivind Davik tok opp spørsmål knytt til kommunens handsaming av kommunalt masseuttak i Vatnedalen. Spørsmål om avtale med grunneigar, tilbakeføring av areal og planstatus blei diskutert. Kontrollutvalet vil be om ei nærare orientering og sjå dokumenter i saka. Kontrollutvalet bestemte å sette dette på sakslista til eit nytt møte fredag 22. november 2019.

Møtet var slutt kl. 14.30

Sigrid Eidsvik
leiar
(sign.)

Eivind Davik
nestleiar
(sign.)

Grete Berbu
medlem
(sign.)